

## Notat

**Frå:** Fylkesdirektøren

**Til:** Hovudutval for kultur

### Langeland Ski- og fritidssenter - søknad om fylkeskommunalt tilskot til rulleskibane

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare motteke søknad om fylkeskommunalt tilskot på kr. 600 000 til etablering av 3,3 km lang rulleskibane på Langeland. Søknaden vart handsama i HK-sak 20/15 der det vart gjort følgjande vedtak:

*«Langeland ski- og fritidssenter sin søknad om fylkeskommunalt tilskot til etablering av rulleskibane vert vurdert i samband med budsjettprosessen for 2016 og 2017»*

Fylkesdirektøren viser til dei faglege vurderingane som vart gjort i saka, og tek ikkje oppatt desse no, men fokuserer på nye opplysingar, økonomi og konklusjon.

#### Søknaden i høve programsatsingsmidlar i Norges Skiforbund

Etter at hovudutvalet handsama søknaden har Langeland ski- og fritidssenter fått innvilga søknad gjennom Norges Skiforbund til Kulturdepartementet om programsatsingsmidlar til rulleskibaner. Søknadssummen på kr. 2,2 millionar vart innvilga i august 2015.

#### Søknaden i høve spelemiddelsøknad og regional plan

Langeland ski og fritidssenter arbeider vidare med spelemiddelsøknad til dette anlegget for 2016 og anlegget ligg i Gaular kommune sin plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 – 2017 er foreslått utvida med to år og vil om dette vert vedteke, gjelde fram til 2019. Ved rullering av denne planen sitt handlingsprogram er det opna opp for at rulleskibaner kan spelast inn og få prioritet i handlingsprogrammet for tildeling i 2017 og 2018 under føresetnad av godkjend spelemiddelsøknad. Langeland ski – og fritidssenter arbeider med avtale med både Førde kommune og Gaular kommune om bidrag på investering på både investering og drift. Dette vil utløyse kr. 410 000 meir i spelemidlar, dvs. totalt kr. 1 810 000. Investeringstilskota frå desse kommunane er på totalt kr. 800 000. Total kostnadsramme for etablering av rulleskibane er kr. 8 mill. inklusiv mva.

**Søknaden i høve fylkeskommunalt tilskot**

Etablering av eiga rulleskibane bidreg til å få rulleskiløparane (både mosjonistar og idrettsutøvarane) bort frå vegane. Det er såleis eit viktig trafikksikringstiltak, og søkjar har også føresett tilskot frå trafikksikringsmidlane i 2016.

Fylkesdirektøren har lagt ned mykje rettleiingsarbeid for å få fram ein best mogleg søknad. Dersom Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert forlanga til å gjelde til 2019, og det aktuelle anlegget kjem inn i handlingsprogrammet, bidrar fylkeskommunen også til å posisjonere anlegget til tidlegare tildeling av spelemidlane enn det det er rom for pr. i dag. Langeland ski- og fritidssenter er eit viktig og sentralt anlegg i fylket, med stort brukargrunnlag. Etablering av rulleskibane vil bidra til å utvide og utvikle anlegget vidare. Med innstrammingane i den fylkeskommunale økonomien, og usikkerheita rundt framtidige rammer er det utfordrande å finne rom for slike løyvingar.

**Konklusjon:**

Fylkesdirektøren finn ikkje rom for å tilrå fylkeskommunalt tilskot til anlegget.